



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	16.02.2015	018/15

Saksbehandler	Arkiv	Arkivsaknr
Ann Kristin Thu	K1 - 203, K3 - &13	14/2180 - 3

OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJINGA - HØYRING

Vedlegg:

OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJINGA - HØYRING

Brev til kommunene 4.12.2014.pdf

Høringsbrev 1.12.2014.pdf

Høringsinstanser.pdf

OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJINGA - HØYRINGSUTTALE FRÅ KS

Høringsuttalelse - Overføring av skatteoppkreving til staten.docx

Høringsuttalelse fra KS om statliggjøring av skatteinnkrevingen - forslag.pdf

Oslo Economics SKO

Saksutgreiing:

Syner til høringsbrev av 1.12.2014 og til eige brev frå departementet til Giske kommune av 4.12.2014 om at også vi er høringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjaren til Skatteetaten. Frist for høringsuttale er 2.3.2015.

Skattedirektoratet fekk 23.6.2014 i oppdrag å utreie korleis skatteoppkrevjinga kan organiserast i Skatteetaten for å oppnå betre og meir effektiv skatteoppkrevjing.

Regjeringa har satt i gang arbeid med sikte på overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten, og skal ta stilling til Skattedirektoratet sitt konkrete forslag til organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen etter at høyringa er gjennomført, herunder den regionale fordelinga og omfanget av satsinga på arbeidsgjevarkontroll i kampen mot svart økonomi.

Det er i høringsbrevet foreslått å redusere 288 kommunale skatteoppkrevjarkontor til 27 kontor, og med Skattedirektoratet sitt forslag til organisering av oppgåva kan oppgåvene verte utført med 526 færre årsverk enn det dei kommunale skatteoppkrevjarane bruker i dag. Det er stipulert ei samla innsparing på ca. 370 mill. kr årleg

Det går fram av høyringsbrevet at dagens organisering av skatteoppkrevjinga har ein løysingsgrad på 99,8%, dette er marginalt høgare enn det skatteetaten kan vise til når det gjeld innkrevjing av meirverdiavgift. Sjølv om det i høyringsbrevet er uttalt at dette i liten grad skuldast dagens organisering med 288 kontor, kan ein ikkje sjå vekk frå at løysningsgraden heng saman med lokal forankring, eit godt samarbeid mellom skatteoppkrevjar, arbeidsgjevarar og nær kontakt med publikum. Når løysningsgraden er så høg er det lite å hente om oppgåvene vert utført sentralt eller regionalt, men risikoen for at kommunane vert påført eit provenytap vil auke om oppgåva vert sentralisert.

På oppdrag frå NKK (Norsk kemner og kommunekassererforbund) er spørsmålet er utreda av Oslo Economics, som har gått gjennom talmaterialet og berekna konsekvens av endra innkrevjingsprosent. Utrekningane viser at det norske fellesskapet risikerer eit årleg provenytap i området 0,5 – 1,5 milliard kroner dersom forslaget vert vedteke. Utredninga syner at endring i innkrevjingsgrad på så lite som 0,05 – 0,15 prosentpoeng vil gjere departementets forslag ulønsamt, sjølv etter bemanningsreduksjonen som er foreslått.

Giske kommune er ei av kommunane som deltek interkommunalt samarbeid om skatteoppkrevjinga med Nordre Sunnmøre Kemnerkontor. Samarbeidet gjer at vi har eit robust fagmiljø og ei effektivt og heilheitleg oppgåveløysning, lik behandling og auka rettssikkerhet. Det vil seie at vi har teke ut effektiviseringsgevinstane som skatteetaten legg opp til.

Ein av konsekvensane som er nemnt i høyringsbrevet er at samfunnet vil få ein etat å forhalde seg til, uavhengig av om det gjeld pågåande kontroll, skattesak eller betaling. Og ei heilheitleg behandling være kostnadssparande for skyldnar ved at samordning av krava vil gi færre utleggsforretningar. Ein må i denne samanheng ikkje gløyme at kommunane fortsatt vil eksistere og ha andre krav som skal innordrast slik at dei fleste innbyggjarane ikkje vil få færre krav, det er berre utsendaren som er ulik.

Ved å ta vekk skatteinnkrevjinga frå kommunane vil det verte får færre innkrevjingsoppdrag for dei, effekten av dette vil vere det motsette for kommunen enn for skatteetaten, våre fagmiljø vil bli mindre robuste og vi får større spreiding av arbeidsoppgåvene og mister spisskompetanse som vi har behov for ved innkrevjing av andre kommunale krav.

Ein skal heller ikkje gløyme dei vanskelegstilte innbyggjarane. Dei som ikkje er i stand til å ivareta sine egne interesser. Nærleik og lokalkunnskap er viktig for å forstå og hjelpe desse, og bidreg til at dei får ein lågare terskel for å be om hjelp. Nærleik og lokalkunnskap bidreg i stor grad til dagens gode løysingsgrad.

Gjennom det interkommunale samarbeidet om arbeidsgjevarkontrollen vert det jobba proaktivt og preventivt for å sikre at arbeidsgjevarane innberettar rett grunnlag. Kontrollane som vert utført i det interkommunale samarbeidet inneber synleg og merkbar aktivitet overfor arbeidsgjevarane. Ved samling av oppgåver i større, sentrale einingar vil det verte fleire oppgåver og ein vil ha ei tøffare prioritering, noko som kan medføre at næringer med få tilsette ikkje vert prioritert. Vi fryktar derfor at ei sentralisering vil medføre færre kontrollar i små og mellomstore bedrifter, noko som igjen vil medføre provenytap for kommunar der næringane for ein stor del er små og mellomstore.

Arbeidsgjevarkontrollen kan i dei fleste tilfelle ikkje utførast sentralt og det er ofte behov for fysisk oppmøte, noko som kan gjere det svært kostnadskrevjande for skatteetaten og den stipulerte effektiviseringsgevinsten vil verte lågare.

Eit av argumenta i høyringsbrevet er «Betre bekjempelse av svart økonomi og arbeidsmarkeds kriminalitet». Vår oppfatning er at i kampen mot svart økonomi er nærleiken til publikum viktig, og at ein ikkje må undervurdere den preventive effekten ein lokal tilstedeværelse har, økt avstand til næraste kontrollinstans er ein betydelig risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Nærleiken til skatteoppkrevjarane er også viktig for vår lokale økonomistyring. Nærleiken gjer at vi kan fange opp avvik frå forventa skatteinngang langt raskare enn ein vil gjere om dette blir sentralisert. Dette gir oss muligheit til å justere drifta tidlegare enn om vi må vente på dei offisielle justerte skattetal.

Departementet hevder at skatteinnkrevjing ikkje er ei naturleg kommunal oppgåve, blant anna fordi det vert utøvd «liten grad av skjønn». Vi meiner at nettopp muligheita til å utøve lokalt skjønn innafor lova si ramme, er eit bidrag til gode resultat. Vi opplever at nærheit, tilstedeværelse og forståelse for dei lokale forholda bidreg til både lojalitet og legitimitet til skattesystemet.

Forslaget om statlegging kjem midt i kommunereforma. Eit uttalt mål i kommunereforma er å «flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner». Regjeringa sei den vil «vise mer tillit til lokalpolitikarar og gi kommunene meir handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.» Å statleggjere skatteoppkrevjaren er derfor i strid med dei uttalte måla for kommunereforma. Etter vår oppfatning er organiseringa av skatteoppkrevjaren ein naturleg del av den totale gjennomgangen av den samla oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommune i kommunereforma. Dette forslaget bør derfor kome som ein naturleg del av kommunereforma.

Heimelsgrunnlaget

Saka er ikkje heimla i lov

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen sine utgifter til skatteoppkrevjing fell vekk. Erfaring tilsei at det då er sannsynleg at staten vil redusere tildelinga til kommunane med tilsvarande beløp. Utrekningane frå NKK viser at dei økonomiske konsekvensane for kommunane svært sannsynleg fører til inntektstap for kommunane, og det er svært sannsynleg at tapet vert større enn kostnadane ved dagens oppgåvedeling.

Vurdering:

Rådmannen syner til saksutgreiinga og meiner det er feil å gjere skatteinnkrevjinga statleg. Den samfunnsmessige nytta av at dette er ei kommunal oppgåve er truleg større enn den økonomiske vinsten av ei overføring av oppgåva til staten. Skatteinnkrevjinga bør, uavhengig av pågåande reformarbeid, oppretthaldast som ei kommunal oppgåve.

Forslag om endra oppgåvefordeling mellom stat og kommunen bør elles vere ein naturleg del av kommunereforma.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

Giske kommune meiner det er feil å gjere skatteinnkrevjinga statleg. Ut frå vår vurdering vil endringa verken vere samfunnsnyttig eller gje økonomiske fordeler. Skatteinnkrevjinga bør, uavhengig av pågåande reformarbeid, oppretthaldast som ei kommunal oppgåve.

Forslag om oppgåvefordeling mellom stat og kommunen bør elles vere ein naturleg del av kommunereforma.

16.02.2015 Giske formannskap

F- 018/15 Vedtak:

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Utskrift til:
Det Kgl. Finansdepartement

Dato: 17.02.2015

